



Notat

Dato: 11.03.2016
Arkivsak: 2015/3373-8
Saksbehandlar: gurklyv

Til: Anne Gine Hestetun, Fylkesordfører

Frå: Guro Klyve, Eigedomsavdelinga

Kollektivterminalanlegg på Nonneseter. Signatur på festekontrakt.

Terminalanlegget for kollektivtrafikk på Nonneseter i Bergen er eigd av Bergen kommune.

Hordaland fylkeskommune har leigd anlegget av kommunen. Det er inngått avtale mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om at fylkeskommunen skal kjøpe bygningsmassen. Kommunen skal fortsatt eige grunnen og fylkeskommunen skal feste denne av kommunen.

Fylkestinget godkjenner avtalen i møte den 09.06.2015, og det vart fatta slikt vedtak:

1. *Fylkestinget godkjenner vedlagte «Avtale vedr. terminalanlegget for kollektivtrafikk på Nonneseter i Bergen kommune».*
2. *Fylkestinget godkjenner vedlagte festeavtale for grunnen under terminalanlegget.*

Grunnen under terminalanlegget er no frådelt og oppretta som festegrunn, og festekontrakten kan såleis verte tinglyst. Festegrunden er vist med gul farge på vedlagte situasjonskart.

Vi ber difor om at festekontrakten i 2 eksemplar vert signert. Eigedomsavdelinga vil deretter sende festekontrakten, saman med skøyte på bygningsmassen, til Statens kartverk for tinglysing.

Guro Klyve
Eigedomsavdelinga

Vedlegg

- 1 Situasjonskart
- 2 Festekontrakt